



Hemsedal Barne- og Ungdomsskule

## Referat Elevrådet ved HBU

|                   |   |                 |                |                                   |  |
|-------------------|---|-----------------|----------------|-----------------------------------|--|
|                   |   | <b>Møte nr.</b> | <b>4</b>       |                                   |  |
|                   |   |                 | <b>TID</b>     | <b>17. november 2020, 3. time</b> |  |
| <b>MØTESTAD</b>   | Naturfagsrommet   |                 |                |                                   |  |
| <b>Møtte:</b>     | Synne, Fenja, Brayden, Sofia, Celine, Kirubel, Embla, Eskil, Rakel, Syver, Christian, Augusta og Malcom, Marte Kjelsvik |                 |                |                                   |  |
| <b>NESTE MØTE</b> | 4. desember 2020, 2. time   | <b>REFERENT</b> | Marte Kjelsvik |                                   |  |

| <b>SAK</b> |  | <b>Ansvar</b> | <b>Frist</b> |
|------------|--|---------------|--------------|
| 1          | <b>Juleball</b><br>Blir ikkje arrangert av skulen i desember. Vi håper det kan gjennomførast til våren.  |               |              |
| 2          | <b>9. trinn ønsker meir samla inngangspart</b><br>Brannvern, støy mtp. skap og dataskap  |               |              |
| 3          | <b>Ønske om at det ringer inn til friminutt</b><br>Det er eit ønske frå 8.,9., 10. trinn å starte opp att med at det ringer ut og inn.<br><br>Maske på buss, men ingen plass å kaste den.<br>7. og 8. trinn poengterar at dei står tett i tett ved inngangen til garderoba på morgonen, og forstår ikkje korleis det kan vere betre enn å vere inne i klasserommet.<br><br>Ønske om å komme inn på morgonen, vere inne i friminutta og bruke sofakroken. |               |              |
| 4          | <b>PC heim</b><br>Mange har prosjekt på skulen, og treng å jobbe med dette heime. Det blir nemnt at det gjekk jo bra då det var heimeskule. Elevane må erstatte om den blir øydelagd, så då passar elevane betre på den.   |               |              |
| 5          | <b>Mobilskap og innlevering av mobil</b><br>Skapet står i klasserommet og kan bli hamra på. Mobilar har også blitt skada fordi nokre vaksne er litt «røffe» når dei bærer dei, eller gløymer å ta dei med på lærarrommet. Nokre elevar leverer ikkje mobilar. For nokre er det frustrerande at mobilskapet ikkje er opna når skuledagen er ferdig, så elevar blir ståande å vente.   |               |              |

|    |  |  |  |
|----|--|--|--|
| 7  | <p><b>Krangel/konflikter – ikkje blande seg inn</b></p> <p>Det har vore nokre hendingar på skulen kor det har vore konflikt på eit trinn, kor elevar på andre trinn har blanda seg inn og tatt side. Når slike ting skjer, er det viktig at elevar rundt heller sei ifrå til vaksne som kan hjelpe til å roe ned situasjonane, slik at dei elevane som var i konflikt med kvarandre kan få hjelp til å roe seg ned og få hjelp av vaksne til å løyse konflikta og gå vidare.</p>   |  |  |
| 8  | <p><b>Volleyballbane på ny skule</b></p> <p>Rektor og inspektør har blitt informert om at det er ønskeleg med volleyballbane på det nye skuleområdet. Det er ikkje garantert at det blir, men det blir tatt til etterretning</p>   |  |  |
| 9  | <p><b>Støy i klasserom – bygge veggar?</b></p> <p>Det er dessverre slik at kommuna ikkje prioriterar å bruke pengar på å bygge nye ting på skulen no før nytt skulebygg skal i gong. Har elevane sterke ønske om at det bør byggast ting (som veggar eller nye høgtalarar) kan de ta det opp i ungdomsrådet. Der sitt det politikarar som har innflytelse på kva kommuna skal bruke pengar på.</p>   |  |  |
| 10 | <p><b>Nytt utstyr i klasserom, td. høgtalar i taket</b></p> <p>Nye høgtalarar i A-klasserommet 8.kl? Kran i 8. Betre høgtalar i kantina.</p> <p>Det same svaret som på punkt 9 gjeld også her. Ta saka til ungdomsrådet om de ønsker at kommuna skal bruke pengar på å bygge/investere i nytt utstyr.</p>  |  |  |
| 11 | <p><b>Evt.</b></p> <p>1. Eventuelt, og sakar som skal takast opp på seinare elevrådsmøte:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Buss til Lykkja og Eikre er for full på lange dagar.</li> <li>• Sparkesykkel har blitt brukt – ikkje lov å bruke andre sine ting</li> <li>• Svøbussen: bussjåfør prater i telefonen, to bussjåførar henter barn og kone og køyrer dei heim når det er elevar på bussen. Hadde med hund. Lio/Tuv, ubehagelig kjøring. Tuv/Lio får ikkje lov til å ha med seg sykkel på bussen når dei skal på sykkeltur</li> <li>• Kvifor kan man ikkje ha telefon i friminutta?</li> <li>• Ønske om å ta igjen fellesaktiviteter</li> <li>• Bruk av masker</li> <li>• Melkesprenging i skolegården (spesielt i 7.kl)</li> <li>• Ønske om søppelsortering (7.trinn)</li> </ul> |  |  |